

Fra: Hans Inge Gloppen (Hans.Inge.Gloppen@hfk.no)

Sendt: 19.05.2017 10:03:57

Til: 'Alvestad, Torgeir'

Kopi:

Emne: Breibandutbygging - Nasjonal tilskotsordning 2017 - prioriteringsliste Hordaland

Vedlegg: Breibandutbygging - Nasjonal tilskotsordning 2017 - prioriteringsliste.pdf;Kvinnherad kommune 2017.pdf;Os kommune 2017.pdf;Meland kommune 2017.pdf;Masfjorden kommune 2017.pdf;Samnanger Hisdal 2017.pdf

Nkom v/Torgeir Alvestad

Prioriteringsliste Hordaland

Rangering	Kommune	Poeng	Søknadssum
1	Masfjorden	8,85	6 000 000
2	Os	6,15	480 000
3	Kvinnherad	5,85	3 930 000
5	Meland	5,65	5 000 000
5	Samnanger: Hisdal - Trengereidfjord	4,50	700 000
-----	-----	-----	-----
6	Samnanger: Bjelkarvik	2,80	200 000

Grunngeving for prioriteringa

Søknadsevalueringane frå Hordaland samt bakgrunnsnotat for prioriteringa er vedlagt.

Alle dei fem kommunane som er øvst på prioriteringslista til Hordaland fylkeskommune har område med dårleg dekning og mangelfull breibandutbygging. Dette er m.a. dokumentert i Nexia sine årlege kartleggingar av breibanddekninga i Noreg, og i lokale dekningsundersøkingar. Masfjorden sin søknad er det lagt ned mest arbeid i, og søknaden framstår også som best.

Når det gjeld Os kommune så er denne søknadene eit døme på at dekningsundersøkinga til Nexia har enkelte svake punkt. Her har innbyggjarane i bygda som er planlagt utbygd, i lengre tid kjempa for å få eit betre tilbod.

Kvinnherad får lågare poengsum fordi utbyggingskostnadene per tilknytning er ein god del høgare en snittet, men samstundes er dette ein krevjande kommune å byggja ut. Det same gjeld prosjektet i Samnanger.

Når det gjeld søknaden frå Samnanger med lågast poengsum, så vert ikkje denne sendt vidare til Nkom. Samnanger har levert to søknader for utbygging, og den eine vert vraka på grunn av låg poengsum.

Lukke til med den vidare sakshandsaminga.

Venleg helsing

Hans Inge Gloppen

Spesialrådgjevar

Regionalavdelinga | Næringsseksjonen

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Tlf: 97 41 40 40

www.hordaland.no